



Helene Huse Bjørnebøle har no fått forsikring om at barnehagen hennar er med i kommunen sine planar for å sikra full barnehagedekning. (Foto: Ola Matti Mathisen)

På oppmoding har kommunen no stadfesta at etablering av den private Dønhaug barnehage frå kommande haust er med i kommunen sine planar for å sikra full barnehagedekning i Kvinnherad i år. Det er i samsvar med nasjonale målsetjingar. Barnehagen er no under byggjing.

Så langt kommunalsjef Asbjørn Skår kan sjå, vil det etter prognosar for barne- og fødselstal vera trong for dette private barnehagetilbodet i det aktuelle området, som hovudsakeleg omfattar bygdene Uskedalen, Omvikdalen og Herøysundet.

Barnehagen vil etter godkjenning og opning ha rett på offentlege tilskot og rett til å krevja foreldrebetaling.

Etter forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i forhold til offentlege tilskot har alle barnehagar uavhengig av eigarskap krav på offentlege tiskot frå stat og kommune og rett på likeverdig handsaming, skriv kommunalsjefen.

Dette inneber at den nye barnehagen i Uskedalen vil ha rett til offentlege tilskot med utgangspunkt i barnehagen sitt barnetal og opningstider, og med utgangspunkt i dei til ei kvar tid gjeldande reglar for driftstilskot frå stat og kommune.

Av Ola Matti Mathisen